



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen

**Dato:** 19. januar 2017

**Møte nr:** 1/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Faste medlemmer som møtte:

**Namn**

Helga Olsen Aadland  
Sigrid Marie Fangel  
Bodil Nesse  
Rasmus Fitjar  
Sindre Aarbø  
Olav Oma

**Funksjon**

Leiar  
Nestleiar  
Medlem  
Medlem  
Medlem **N.B. Ord for dagen**  
Sokneprest

Harald Rydland

Kyrkjeverje

### Forfall:

**Namn**

Gunnvald Aarbø  
Terje Havro  
Mette E. Lambach

**Funksjon**

Medlem  
Medlem  
Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

**Namn**

Peder Rygg Drønen  
Arne Prestbø  
Friedleif Lydersen

**Funksjon**

1. varamedlem  
2. varamedlem  
Vara for soknepresten kom kl. 19.25

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

**Namn**

Solbjørg Larsen Tverderøy  
Tove Helen Løland Aarskog  
Åse Rygg H. Nøttveit

**Funksjon**

3. varamedlem  
4. varamedlem  
5. varamedlem



**I starten på møtet orienterte kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen om arbeidet sitt:**

**Kyrkjelydspresten**

- Leiar diakoninemda, turar, integrering og helgemesse med middagsservering for sørgjande.
- Samarbeider med IMS om tentreff, 8. klasse og eldre. Hittil annakvar helg, men vil prøva med kvar helg frå februar.
- Ansvar for konfirmasjonsoppleringa. I år reiser konfirmantane til Etne på leir, men grunna lite ressursar vil ein laga eigen leir for seinare konfirmantkull.
- Ansvar for kyrkjeskuleplan saman med kyrkjelydspedagogen. Den har ikkje voret nytta, men Silje har no hatt kontakt med skulane. Ho har vore på kurs som kan nyttast i skulen. Det vert omvisning for 4. klassingane i kyrkja. Silje har ansvar for born frå 0 år til konfirmasjon, mens kyrkjelydsprest har ansvar frå konfirmasjon og etterpå.
- Har kontakt med Bakken barnehage med bibelundervisning.
- Ynskjer ei ungdomsgudsteneste i samband med tentreff.
- Er glad for å få delta ved nokre gudstenester og gravferd.

**Saksliste:**

Saksnr.	
S-01/17	Ordning med dåpsvertar i kyrkja
S-02/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-03/17	Julekonsertar i kyrkja 2017
S-04/17	Godkjenning av referat
S-05/17	Meldingssaker
S-06/17	Open post

**S-sak 01/17: Ordning med dåpsvertar i kyrkja (utsett sak)**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet går inn for å arbeida fram ei ordning med dåpsvertar i Fitjar kyrkje. Gudstenesteutvalet får i oppdrag å laga arbeidsbeskrivelse for dåpsvertane, medan frivillignemnda arbeider med rekruttering når arbeidsbeskrivelsen er klar.

**Behandling av soknerådet 19.januar 2017**

**Vedtak:**

Soknerådet går ikkje inn for å arbeida fram ei ordning med dåpsvertar i Fitjar kyrkje no. Gudstenesteutvalet får i oppdrag å sjå på korleis dåpsfylgje vert ivareteke på best mogeleg vis.

**S-sak 02/17: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i soknerådet 19.januar 2017**

Viktig med marknadsføring av arrangementa.



**Vedtak:**

Kyrkjelydsfest 26.mars  
Tur til Helgatun, foreløpig 29 påmelde  
Årsmøte 30.april

**S-sak 03/17: Julekonsertar i kyrkja 2017**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i soknerådet 19.januar**

**Vedtak:**

Soknerådet opnar for **ein** kommersiell julekonsert i året i samarbeid med temagrappa.

**S-sak 04/17: Godkjenning av referat**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 10. desember 2016.

**Behandling i soknerådet 19.januar 2017**

Det vert gjort merkna d om feil dato i framlegg til vedtak. Eit par endringar vart gjort under meldingssaker.

**Vedtak:**

Soknerådet godkjente referatet frå møtet 8. desember 2016 med dei endringane som kom fram i møtet.

**S-sak 05/17: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til oriente

**Behandling i soknerådet 19.januar 2017**

I møtet vert det orientert om desse sakene:

1. Konfirmantundervisning i regi av IMS  
Sokneprest og prosten skal i møte med IMS i neste veke om konfirmasjonsundervisninga i regi av IMS.
2. Nye rutinar for kollekt  
Dei elektroniske overføringar av kollekt fungerer bra. Vips vert mest nytta.10% av kollekten vil gå til kyrkjelydsarbeid. Det vil verta informert om det i gudstenesta og til eksterne organisasjonar som mottek kollekt frå kyrkjelyden.
3. Kyrkjeblad, giro som innstikk  
Det vert lagt ved giro i alle kyrkjelydsblad. Gåvene er for kyrkjelydsbladet, kyrkjelydsprest og ungdomsarbeid.
4. Prostdag på Fitjar til hausten  
Bedehuset er bestilt til 31.oktober 2017. Det vert fagdag for dei tilsette. Om ettermiddagen er soknerådene invitert til å vera med. Det vert gudsteneste i kyrkja.
5. Ny kyrkjeordning?  
Brev frå kyrkjemøtet vart lese opp på siste gudstenesta i kyrkja.
6. Helgatun, påmelding innan 15,feb.  
Påminning.
7. Statistikk for Fitjar kyrkje 2017



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fitjar sokn

I 2016 vart 1% utmelde frå kyrkja, dvs. 26 personar og 8 innmelde. Oppmøte på gudstenestene var 150 personar i snitt. 32 gravferder vart gjennomført.

**Vedtak:**

Som framlegg.

**S-sak 06/17: Open post**

Peder Drønen informerte om at innsamlingsnemda har starta opp. Dei vil ha samtale med kyrkjeverje og rådmann.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....